



Containaren på Børneset blir ståande der den står

- Vi ønskjer å endra på det kommunale vedtaket om at alle på Skorpo skal vera friteken for offentlig renovasjon, seier prosjektleiar i Bygdeutviklingsprosjektet Kristian O. Bringedal etter det siste møte i prosjektet før ferien. Han viser til at mange hyttefolk vil ha ei endring på det som har utløyst eit problem i Uskedalen. Med ei endring må SIM ha eit opplagg for innhenting av bos på Skorpo og dermed vil problemet med bos frå hyttefolket vera løyst.

Renovasjon var hovud-temaet under dette møtet og containeren på Børneset var eit anna punkt som vart drøfta. Etter råd frå SIM-representanten på møtet vert ikkje containeren plassert i sentrum. Konklusjonen var at det er best den står der den er i dag, ved innkjørsla til Børneset. Men det bør informerast skikkeleg om bruken av containeren – gjerne med bilete som syner feilbruk og misbruk.

Eventuell bos på badestranda var eit tredje tema. I dei vekene dette er aktuelt vert det kjøpt bossekkar der levering er medrekna i prisen, Friluftsgruppa i Bygdeutviklingsprosjektet skaffar gamalt bosspann og det blir plassert sekker i denne. Gruppa ser til at boset vert set i vegen for henting på tysdagane.

Under møtet var det synfaring på skuleplassen og rektor Vidar Haugland gav grønt ljøs for å ta med den fine plassen med på kart og i brosjyre slik at også turistar og tilreisande kan nytta den i feriane. Det var og besøk på TV Sydvest og møtedeltakarane tykte det var imponerande at det blir gjort ein innsats for å få til lokal TV-produksjon.

Informasjonstavla i sentrum vert no gjort ferdig med låsbare informasjonsmonter. Heretter skal det berre monterast tilfeldige plakatar på tilvist plass, ikkje i hovudfeltet der aktørar har betalt for sitt monter. Når det gjeld turistinformasjon denne sommaren, er det eit stativ for brosjyrer og anna materiell på Spar.

I det første møte etter sommarferien vil Bygdeutviklingsprosjektet setta fokus på valet og stilla dette spørsmålet til politikarane: Kva vil partiet ditt gjera for Uskedalen?

Av Ola Matti Mathisen



Rasteplassen ved gamleskolen er snart klar - no er også tre av borda på plass. I bakgrunnen informasjonstavla som no har fått lesbare plakatmonter.